

## Saksgang

Utv	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		16.09.2020
Hovudutval for næring		16.09.2020
Hovudutval for opplæring og kompetanse		16.09.2020
Fylkesutvalet		17.09.2020

## Høringsuttale - forskrift lov om integrering

Forslag til innstilling

1.	Oppgåver knytt til tilskotsordningar Vestland fylkeskommune støttar forslaget om at fylkeskommunen får handlingsrom til sjølv å kunne avgjere korleis oppgåvene som tidlegare har vore ivaretakne gjennom tilskotsordningar skal løysast. Dette føreset sjølvsagt at midlane vert liggande i rammetilskotet til fylkeskommunen. På det vilkåret har vi ikkje innvendingar til at det vert forskriftsfesta at fylkeskommunen forpliktar seg til å følgje opp desse oppgåvene
2.	Kompetansekartlegging Vestland fylkeskommune meiner departementet sitt forslag i høringsnotatet pkt 5.3 gir eit godt utgangspunkt for kompetansekartlegging. Karriere Vestland har god erfaring med IMDInett si løysning KOMPASS ved karriererettleiinga slik det har vore brukt på Stord asylmottak. Med dei presiseringar som er gitt ser vi ikkje at det er naudsynt å forskriftfeste fleire kompetansekriterier.
3.	Permisjon ved fødsel og adopsjon Vestland fylkeskommune ber departementet vurdere nærmare å innføre tredelt permisjonsordning ved fødsel og adopsjon for foreldre som deltek i introduksjonsprogrammet
4.	Norskål for deltakarar som går i grunnskule Vestland fylkeskommune støttar lovforslaget der krav om å oppnå eit minimumskrav i norsk vert erstatta med tidlegare krav om deltaking i eit visst tal timer opplæring i norsk. Norskållet for introduksjonsdeltakarane som går i grunnskulen bør vere knytt til det felles europeiske rammeverket for språk. Fylkeskommunen støttar også forslaget om dei differensierte minimumskrava som er skisserte der kommunane fastset nivået i samråd med deltakaren
5.	Kompetansekrev for lærarar Vestland fylkeskommune støttar forslaget som oppfyller krava for tilsetting etter forskrift til opplæringslova kapittel 14, uavhengig av trinn. Det oppfyller kravet om relevant fagleg og pedagogisk kompetanse etter integreringslova. Då fleire av lærarane som underviser i

	norsk etter integreringslova, også underviser i grunnopplæring etter opplæringslova, ser vi det som mest hensiktsmessig med like krav. Den særlege kompetansen som trengs for å undervise i norsk etter integreringslova, vil også bli ivaretaken dersom det vert stilt krav om 30 studiepoeng i norsk som andrespråk .Kravet om vidareutdanning bør også sjåast i samanheng med erfaring og ansiennitet innanfor arbeid med minoritetsspråklege.
6.	Registrering av opplysninger om karriererettleiing og fråvær Vestland fylkeskommune støttar forslaget om at vi skal registrere opplysningar om karriererettleiing og fråvær for deltakarar som går fulltid i vidaregåande opplæring som sitt introduksjonsprogram. Registreringa bør gjerast i dei systema som til ei kvar tid er gjeldande i vidaregåande opplæring. For framtida er dette eit felles nasjonalt system som heiter «Visma in school»
7.	Opplysningar om ta gjennomførte timar opplæring i norsk Vestland fylkeskommune viser til punktet «norskmal for deltakarar som går i grunnskule» over. Ut frå dette ser ein ikkje behov for at det skal registrerast opplysningar om tal gjennomføre timar i norsk.

### Samandrag

Lov om integrering er til handsaming i Stortinget i haust. Kunnskapsdepartementet har sendt ut høringsnotat i høve forskrift til lova med høringsfrist 1.oktober.

Fylkesrådmannen har vurdert forslaget opp mot oppgåver som ligg til fylkeskommunen sine ansvarsområde, og tilhøve som har nær tilknyting til og vil gi føringar for utviklinga av fylkeskommunen sine oppgåver.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

Vedlegg  
1 Høringsbrev  
2 Høringsnotat

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Regjeringa hadde forslag til lov om integrering på høyring hausten 2019. Fylkesutvalet ga uttale til dette i PS 8/2019, 13.11.2019. Fylkesutvalet stillte seg positive til at fylkeskommunane får fleire lovfesta oppgåver innan integreringsfeltet.

Lov om integrering vart lagt fram i Prop. 89L (2019-2020) 24.04.2020. Lovforslaget ligg no til slutthandsaming i Stortinget. Kommunal -og forvaltningskomiteen har avgitt si innstilling 23.06.2020 i Innst. 389 L (2019-2020). Det er venta at lova vert vedteken i Stortinget i oktober.

Kunnskapsdepartementet sende 26.06.2020 forslag til forskrift til lova på høyring. Høyringsfrist er sett til 1.oktober 2020. Departementet tek etterhald i høve endeleg handsaming av lova i Stortinget.

KS har også bedt om innspel frå kommunar og fylkeskommunar. Fylkesrådmannen har sendt sitt framlegg til uttale til KS, og vil følgje opp med å sende overendeleg uttale.

### Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har mynde til å gi uttale på vegner av fylkeskommunen, jf delegeringsreglementet, reglement for fylkesutvalet pkt 6.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Forskrifta kan ha innverknad på dimensjonering av fylkeskommunen sitt ansvar og oppgåver innan opplæring og karriererettleiing

**Klima:** Ikke relevant

**Folkehelse:** God integrering med rask overgang til opplæring eller arbeid har positiv innverknad på enkeltpersonar og såleis også for folkehelse.

**Regional planstrategi:** Arbeid med integrering i fylkeskommunen må forankrast i overordna regionale planer.

Departementet har i sitt høyringsnotat stilt nokre særlege spørsmål som dei ønskjer tilbakemelding på. Dette er:

- Kompetansekartlegging, pkt 5.3
- Permisjon ved fødsel og adopsjon, pkt 7.3
- Norskmaål for deltakarar som går i grunnskule, pkt 11.3.2
- Kompetansekrav for lærarar, pkt 14.3.2
- Korleis fylkeskommunen skal registrere opplysningar om karriererettleiing og fråvær, pkt 15.3.1
- Korvidt det framleis skal registerast opplysningar om tal gjennomførte timer opplæring i norsk, pkt 15.3.1

Fylkesrådmannen har valt å konsentrere forslag til uttale rundt desse punkta. I tillegg kjem ein kommentar rundt fylkeskommunen sine oppgåver knytt til tilskotsordningar og det fylkeskommunale handlingsrommet.

### Fylkeskommunen sitt ansvar etter integreringslova:

Departementet foreslår å forskriftsfeste fylkeskommunen sitt ansvar for å følgje opp oppgåver som tidlegare vart ivaretake gjennom tilskotsordningar i IMDi, og som no er overført til fylkeskommunen (tilskot til etablereropplæring, tilskot til mentor- og traineeordning og tilskot til Jobbsjansen del B). Tilskotsordningane er innlemma i rammetilskotet til fylkeskommunen. Midlane til Jobbsjansen del B er fordelt særskilt (tabell C). Departementet legg til grunn at det vil vere opp til fylkeskommunen å avgjere korleis dei utfører oppgåvene.

Andre oppgåver som vart overført frå IMDi til fylkeskommunen som del av regionreforma er m.a. det regionale arbeidet mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlestelse, regional oppfølging av frivilligheit og samfunnssdeltaking, samarbeid med regionale sektorstyresmakter om

kvalifisering av innvandrarar og rettleiing til kommunane i deira kvalifiseringsarbeid. Desse oppgåvene vert ikkje spesifikt regulert i lova, og såleis heller ikkje i forslag til forskrift.

Fylkesrådmannen støttar departementet sitt forslag om at fylkeskommunen sjølv avgjer korleis ein vil utføre og utvikle integreringsoppgåver som handlar om å legge til rette for at innvandrarar kan etablere seg med verksemder, at fagutdanna og høgt kvalifiserte innvandrarar vert inkludert i arbeidslivet, og tiltak knytt til jobbsjansen del B. For fylkeskommunen sin del er dette viktige oppgåver som vert implementert i den fylkeskommunale aktiviteten, og et er viktig at dette let seg gjere på ein måte som er tilpassa den enkelte fylkeskommune. Føresetnaden er at midlane som har vore gitt gjennom tilskotsordninga vert liggande i rammetilskotet til fylkeskommunen.

Fylkesrådmannen støttar også at fylkeskommunen får eige handlingsrom til å ivareta andre oppgåver som er overført fra IMDi til fylkeskommunen utan lov- og forskiftsfesting. Dette er oppgåver som naturleg kan ivaretakast gjennom fylkeskommunen si rolle som samfunnsutviklar.

#### Kompetansekartlegging, pkt 5.3:

Fylkesrådmannen meiner at departementet sitt forslag i høringsnotat pkt 5.3 gir eit godt utgangspunkt for kompetansekartlegging. Fylkeskommunen har gjennom Karriere Vestland har god erfaring med IMDInett si løysning KOMPASS ved karriererettleiinga slik det har vore brukt på Stord asylmottak. Det er også vist til i høringsnotatet. Med dei presiseringar som er gitt i høringsnotatet, ser ikkje fylkesrådmannen at det er naudsynt å forskriftfeste fleire kompetansekriterier. Vi vil likevel peike på nokre klare forbetringsspunkt som departementet må ta tak i:

- deltakarane må få nødvendig hjelp til utfylling av ein rettleiar/hjelpar/tolk
- meir rom for fritekst, det har til no vore litt «trange» kategoriar
- karrierenotat – her må vere tilgang både for rettleiarane i introduksjonsprogrammet og for karriererettleiarane.

Departementet må også sikre at det er god flyt mellom aktørane som er involvert og som treng å ha tilgang til opplysningar gitt i kompetansekartlegginga.

#### Permisjon ved fødsel og adopsjon, pkt 7.3:

Nyleg komne deltakarar i introduksjonsprogrammet har idag ei todelt permisjonsordning ved fødsel og adopsjon (til forskjell frå den generelle ordninga i folketrygdlova som er tredelt). Departementet ønskjer å videreføre dagens ordning. Slik fylkesrådmannen ser det, er det argument for begge ordningane, og ordningane må fungere for det føremål dei er etablert. Vestland fylkeskommune bør likevel be departementet vurdere å gå over til tredelt permisjonsordning der begge foreldra deltek i introduksjonsprogrammet. Dette handlar om å ha likeverdige ordningar som elles i samfunnet.

#### Norskmaål for deltakarar som går i grunnskule, pkt 11.3.2:

Fylkesrådmannen støttar lovforslaget der krav om å oppnå eit minimumskrav i norsk vert erstatta med tidlegare krav om deltaking i eit visst tal timer opplæring i norsk. Det er viktig å få deltakarane opp på det språknivået som krevst for å kvalifisere seg vidare i opplæringa og som skal hjelpe dei til å få varig tilknyting til arbeidslivet på sikt.

Norskmalet for introduksjonsdeltakarane som går i grunnskulen bør vere knytt til det felles europeiske rammeverket for språk. Fylkeskommunen støttar også forslaget om dei differensierte minimumskrava som er skisserte der kommunane fastset nivået i samråd med deltakaren.

#### Kompetansekrav for lærarar, pkt 14.3.2:

Fylkesrådmannen støttar forslaget som oppfyller krava for tilsetting etter forskrift til opplæringslova kapittel 14, uavhengig av trinn. Det oppfyller kravet om relevant fagleg og pedagogisk kompetanse etter integreringslova. Då fleire av lærarane som underviser i norsk etter integreringslova, også underviser i grunnopplæring etter opplæringslova, ser vi det som mest hensiktsmessig med like krav. Den særlege kompetansen som trengs for å undervise i norsk etter integreringslova, vil også bli ivaretaken dersom det vert stilt krav om 30 studiepoeng i norsk som andrespråk. Kravet om vidareutdanning bør også sjåast i samanheng med erfaring og ansiennitet innanfor arbeid med minoritetsspråklege.

#### Korleis fylkeskommunen skal registrere opplysningar om karriererettleiing og fråvær, pkt 15.3.1:

Fylkesrådmannen ser at departementet sitt innspel i høringsnotat 15.3 omfattar mange ulike aspekt på registrering av opplysningar. Fylkesrådmannen støttar forslaget om at vi skal registrere opplysningar om karriererettleiing og fråvær for deltakarar som går fulltid i vidaregåande opplæring som sitt introduksjonsprogram. Dersom det vert gitt rom for å nytte ulike system for registreringa, er

det ein føresetnad at systema «snakkar ilag», slik at informasjon som vert gitt når fram dit den skal utan å måtte bli registrert fleire gonger. Det er føremålstenleg at registreringa vert gjort i dei sistema som til ei kvar tid er gjeldande i vidaregåande opplæring. For framtida er dette eit felles nasjonalt system som heiter «Visma in school»

Korvidt det framleis skal registrerast opplysningar om tal gjennomførte timer opplæring i norsk, pkt 15.3.1:

Fylkesrådmannen viser til vurderingane over gitt til «norskmal for deltakarar som går i grunnskule». Ut frå dette ser ein ikkje behov for at det skal registrerast opplysningar om tal gjennomføre timer i norsk.

#### Konklusjon

Fylkesrådmannen viser til drøftingane over og rår til uttale i samsvar med innstilling.